


Løland i heile landet

Til hausten skal Løland-utstillinga ut på vandring. Avspark for turneen skjer på Litteraturhuset i Oslo i august.

Turneopninga finn stad 21. august, og alle som vitjar hovudstaden denne dagen kan få med seg foredrag av Ernst Berge Drange og forteljestund med Anne Elisebeth Skogen. Skogen si fortelling har fått namnet *Den siste sommaren*. Publikum kan og få nærare kjennskap til dei historiske linjene til barnelitteraturen i tida etter at Løland levde og fram til i dag.



5. klasse på Sand har latt seg inspirere av Det store nashorne. Barneteikningar er ein av ingrediensane i vandreutstillinga. Foto: Ernst Berge Drange

Turneopninga markerer at vandreutstillinga om Løland skal ut på reise til skular, bibliotek og andre institusjonar i to heile år.

Det er Ivar Aasen-tunet, Ryfylkemuseet og Asker museum som har produsert kvar sin del av vandreutstillinga *Undrande og skapande – Rasmus Løland (1861-1907) og den nynorske barnelitteraturen*. Som tittelen seier vil utstillinga fortelje om barnelitteraturen og livet og lagnaden til Rasmus Løland.